
Fra: Per Oterholm
Sendt: 22. juli
Til: Postmottak OED
Emne: Høyringsvar forslag til endringar i fornybardirektivet, energieffektiviseringsdirektivet og bygningsdirektivet
Vedlegg: Høyringsvar endringar i fornybardirektivet, energieffektiviseringsdirektivet og bygningsdirektivet.pdf

Viser til brev av 9.6.2022, ref. 22/1168-1, der Møre og Romsdal fylkeskommune inviteres til å gi innspill til forslag til endringer i fornybardirektivet, energieffektiviseringsdirektivet og bygningsdirektivet.

Med den korte høringsfristen og at fristen ikke passer med de oppsatte politiske møtene i fylkeskommunen, sendes en administrativ uttale fra Møre og Romsdal fylkeskommune innen høringsfristen. Saken vil behandles i fylkesutvalget, og vedtaket ettersendes til departementet. Saksframlegget er vedlagt.

Det administrative høyringsvaret er slik:

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer forslaga om endring av Europaparlamentets- og rådsdirektiva velkomne, både ut frå eit miljø- og klimaperspektiv, men også ut frå verdiskapinga dette kan representere.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer at meir fornybar energi skal produserast i vår region, og at ny fornybar energi frå havområda i nærleiken førast til land i Møre og Romsdal. Desentralisert elektrisitetsproduksjon vil kunne bidra til å avlaste elektrisitetsnettet i område med begrensa kapasitet.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer å bidra til å utarbeide ei oversikt over spesielt eigna områder med tilhøyrande teknologi for fornybar energiproduksjon i fylket, som grunnlag til arbeidet med å definere nasjonalt sær s eigna land- og havområde for framtidig fornybar energiproduksjon, med minimale miljøverknader.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune foreslår at det skal være lav terskel for å ta ut konfliktfylte områder og teknologi, som eksempel vindturbinar på land, i oversikta over teknologi og sær s eigna område for fornybar energiproduksjon frå kvart fylke.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune er grunnleggjande positiv til forslaget om solenergiproduksjon på bygningar, og ynskjer å delta i utarbeidinga av nasjonale kriterie for gjennomføring og eventuelle unntak.
6. Høyringar og endringsforslag til Europaparlamentets- og rådsdirektiv bør som minimum være tilgjengeleg på norsk språk.

Mvh

Per Oterholm

Rådgivar - energi og grøn omstilling
Kompetanse- og næringsavdelinga



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
04.07.2022	82879/2022	Per Oterholm

Saksnr
Utval
Fylkesutvalet

Møtedato
29.08.2022

Høyringssvar endringar i fornybardirektivet, energieffektiviseringsdirektivet og bygningsdirektivet

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer forslaga om endring av Europaparlamentets- og rådsdirektiva velkomne, både ut frå eit miljø- og klimaperspektiv, men også ut frå verdiskapinga dette kan representere.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer at meir fornybar energi skal produserast i vår region, og at ny fornybar energi frå havområda i nærleiken førast til land i Møre og Romsdal. Desentralisert elektrisitetsproduksjon vil kunne bidra til å avlaste elektrisitetsnettet i område med begrensa kapasitet.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer å bidra til å utarbeide ei oversikt over spesielt egna områder med tilhøyrande teknologi for fornybar energiproduksjon i fylket, som grunnlag til arbeidet med å definere nasjonalt særskilte egna land- og havområde for framtidig fornybar energiproduksjon, med minimale miljøverknader.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune foreslår at det skal være lav terskel for å ta ut konfliktfylte områder og teknologi, som eksempel vindturbinar på land, i oversikta over teknologi og særskilte egna område for fornybar energiproduksjon frå kvart fylke.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune er grunnleggjande positiv til forslaget om solenergiproduksjon på bygningar, og ynskjer å delta i utarbeidinga av nasjonale kriterie for gjennomføring og eventuelle unntak.
6. Høyringar og endringsforslag til Europaparlamentets- og rådsdirektiv bør som minimum være tilgjengeleg på norsk språk.

Bakgrunn

Det vises til Europakommisjonens framlagte forslag til endring av Europaparlaments- og rådsdirektiv 2018/2001/EU av 11. desember 2018 for å fremme bruken av fornybar energi (omarbeiding), forslag til endring av Europaparlaments- og rådsdirektiv 2012/27/EU av 25. oktober 2012 om energieffektivisering og forslag til endring av Europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/31/EU av 19. mai 2010 om bygningers energiytelse. Samtlege regelverk er framleis ikkje ferdigbehandla og i EØS-prosess i Norge.

Forslaga vart lagt fram av Europakommisjonen 18. mai 2022, og er tilknytt EU sitt arbeid under REPowerEU, i tråd med EUs ambisjonar om å gjere seg uavhengige av energiimport frå Russland. Høge energiprisar har også bidrege til eit større behov for energieffektiviseringstiltak og ein raskare utbygging av fornybar energi.

Kommisjonen foreslår i lys av dette ein auke av ambisjonsnivået i målsetjingane for 2030 under energieffektiviseringsdirektivet og fornybardirektivet som vart lagt fram i juli 2021. Kommisjonen har saman med regelverksforslaget også lagt fram ein [kommisjonsanbefaling om konsesjonsprosessar og kraftkjøpsavtaler](#).

Kommisjonen ynskjer ei auka utbygging av solkraft i bygningssektoren for å redusere både klimagassutslepp og for å få ei rask utbygging i ny fornybar kapasitet. Det leggst derfor fram foreslege endringar i bygningsenergidirektivet for å leggje til rette for dette.

Initiativa er nærmare beskrive i [Europakommisjonens melding om REPowerEU](#), i kommisjonens [melding om energisparing](#) samt kommisjonens [solenergiestrategi](#), alle lagt fram 18. mai 2022.

Olje- og energidepartementet ber om synspunkt på forslaga av 18. mai 2022 som grunnlag for å utvikle ein posisjon i den vidare EØS-prosessen. Forslaga til endring i direktiva føreligg ikkje på norsk og sendes difor ut i engelsk versjon.

[Lenkje til regelverksforslaga på Europakommisjonens heimesider.](#)

Forslaga vil no bli drøfta i Rådet og Europaparlamentet. Det vil skje justeringar i forslaget fram mot endeleg EU-vedtak.

Størsteparten av høyringa omhandlar endringar i **Europaparlaments- og rådsdirektiv 2018/2001/EU for å fremme bruken av fornybar energi**, med formål å sikre at fornybare energikjelder utgjør minst 45% av EU sin brutto energibruk innan 2030, og med desse endringane i kortversjon:

Seinast eitt år etter at endringar i direktiv trer i kraft skal kvart enkelt land definere land- og havområde for framtidig fornybar energiproduksjon. Seinast to år etter at endringar i direktiv trer i kraft, skal kvart land vedta og leggje frem plan/oversikt som utpeiker særse eigna områder for fornybar energiproduksjon med minimale miljøverknader. Dette skal være område som ikkje kan nyttast til jordbruk, som ikkje er verna, som ikkje er naturreservat og som ikkje har negativ verknad på dyreliv i området. Solenergi har stort potensial, og bør være med som eigen del i utarbeida plan/oversikt.

For å lage gode planar/oversikter over tekniske løysningar og områder særse eigna for fornybar energiproduksjon, må gode dataverktøy og statistikk nyttast der dette høver. Det må sjåast på avbøtande tiltak der det kan oppstå konflikt med natur og dyreliv. Dersom det er usikkerheit om eventuell konflikt kan oppstå kan pilotar settast i gang for å avdekkje eventuelle konfliktar mellom etablering av fornybar energiproduksjon og natur og dyreliv. Etablerede planer/oversikter skal gjennomgå miljøvurderingar, som skal inngå i plan/oversikt.

Prosessen skal innehalde alle administrative tillatelsar nødvendig for å få til produksjon av fornybar energi, som til dømes tilknytning til eksisterande elektrisitetsnett.

Forslaget inneber krav om at seinast 14 dagar etter mottak av ein søknad i hht. plan/oversikt, og seinast ein månad etter mottak av ein søknad utanfor plan/oversikt, skal ein godkjenne søknad eller be om nødvendig supplerande opplysningar. Søker har deretter 14 dagar til å komme med utfyllande dokumentasjon. Dersom søker ikkje gir god nok dokumentasjon innan fristen kan søknaden avvisast skriftleg fra tildelingsmynde. Søker kan når som helst komme med ny/annan søknad.

Kvart land skal ha eitt eller fleire kontaktpunkt som veileder og lettar søknadsprosessen. Kontaktpunktet skal være eitt kontaktpunkt gjennom hele søknadsprosessen, slik at søker slepp å forhalda seg til fleire. Etablering av ei prosedyrehandbok vil kunne skape meir forståing og forenkle/lette søknadsprosessen.

Tildelingsprosessen i særleg eigna områder skal ikkje overstiga 1 år for fornybar energiproduksjon. Prosessen kan i særlege tilfelle forlengast med 3 månader. Tildelingprosess for fornybar energiproduksjon mindre enn 150kW i særleg eigna område skal ikkje overstige 6 månader.

Når søknader kjem inn, må det utførast ei screening for å undersøkje om miljøet blir skadelidande og om beskrivne avbøtande tiltak er nok. Dersom tildelingsmynde ikkje svarer innan tidsfristen blir søknaden betrakta som godkjent.

For prosjekt utanfor særleg eigna områder, skal tildelingsprosess ikkje overstiga 2 år. Prosessen kan i særlege tilfelle utvidast med 3 månader.

Tillatingsprosess for solcellanlegg i eksisterande eller framtidige bygg/konstruksjonar skal ikkje overstige 3 månader.

Forslaget til endring av **Europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/31/EU om bygningers energiytelse** omhandlar solenergi i bygningar. Formålet med forslaget er at alle land skal sikre at nye bygningar utformast for å optimalisere potensiale for solenergiproduksjon, der grunnlaget skal være lokale solinnstrålingsforhold. Følgjande er forslag til endringar:

- Innan utgangen av 2026 skal alle nye offentlege og kommersielle bygg over 250 kvadratmeter ha solceller.
- Innan utgangen av 2027 skal alle eksisterande offentlege og kommersielle bygg over 250 kvadratmeter ha solceller.
- Innan utgangen av 2029 skal det være påbud om at alle nye bolighus har solceller.

Kvart land fastlegg og offentleggjer kriterier på nasjonalt plan for gjennomføring og forpliktingar, samt for eventuelle unntak.

Forslaget til endring av **Europaparlaments- og rådsdirektiv 2012/27/EU om energieffektivisering** omhandlar medlemslanda sin reduksjon av energibruken, med forslag om at landa i fellesskap reduserer energibruken med minst 13% innan 2030 i forhold til framskrivingane i referansescenarioet frå 2020. Det inneber at EU sin totale energibruk ikkje overstig 750Mtoe, og EU sin totale primærenergibruk ikkje overstig 980Mtoe i 2030. Det settast krav til kvart land om å vedta nødvendige lover og administrative bestemmelsar for å etterkomme endringar i direktiva innan gitte fristar.

Uttalen er sendt administrativt ettersom høyringsfristen var 8.august 2022.

- Fylkesutvalet sitt vedtak vert ettersendt.

Vurdering

Ny fornybar energiproduksjon er nødvendig for å forbetre forsyningstryggleiken for energi og bidreg til å redusere klimagassutslepp, energipriser og Europa si avhengigheit av fossile energikjelder frå Russland. Bakgrunnen for høyringa er og ei erkjenning av at det er behov for ny fornybar energiproduksjon for å nå måla om klimanøytralitet innan 2050 og ein reduksjon av klimagassutsleppa med 55% innan 2030, og at langvarige administrative prosessar er ein av dei største hindringane for investeringar i ny fornybar energi og tilknytta infrastruktur.

Møre og Romsdal er eit miljøfylke med ambisjonar tilsvarande det EU no legg opp til. Ei eskalering innan fornybar energi i EU ynskjer Møre og Romsdal fylkeskommune å ta part i.

Repowering er særskild aktuelt for eksisterande anlegg i M&R, slik som vindanlegg på Smøla, Haramsøya og Sandøy, i tillegg til alle vasskraftverk. Ved repowering skal det berre takast hensyn til potensielle virkningar av endringa eller utvidinga i forhold til det opprinnelege prosjekt. Repowering har et betydeleg potensiale til å bidra til å nå måla om ny fornybar energiproduksjon.

Møre og Romsdal har ressursar og fagkunnskap til å setje saman ei tverrfagleg kompetent prosjektgruppe for å utarbeide ei plan/oversikt over teknologi og spesielt eigna områder for fornybar energiproduksjon i fylket. Eit forslag til løysing er difor at regjeringen ber kvart fylke om å levere ei lokal plan/oversikt, i god tid innan eitt år etter at endringar i direktiv trer i kraft, og at sentrale myndigheiter, saman med regionane

screenere alle innkomne svar/planer/oversikter for å levere ein felles plan/oversikt for Noreg innan to år etter at endringar i direktiv trer i kraft.

Møre og Romsdal fylkeskommune foreslår at konfliktfylte områder ikkje tas med i plan/oversikt frå kvart fylke. Eksempel på dette kan være etablering av vindturbinar på land. Ved å unngå konfliktfylte områder og tema i denne omgang, vil fleire miljø kunne involverast i etableringa av slike planer/oversikter, og i staden for å bruke ressursar på konfliktar nyttast ressursane til å kome opp med gode planer/oversikter som dei fleste ikkje har motførestillingar til. Område som i dag er konfliktfylte, kan seinare få ei anna innstilling fra interessenter og befolkning. Endringar i direktiva legg opp til at områder som ikkje står på go-to-listen/plan/oversikt skal ha ei behandlingstid på inntil to år, og da kan konfliktfylte områder i staden behandlast under desse vilkåra.

Noreg er eit land med mange moglegheiter for fornybar energiproduksjon. Samstundes med å bidra til å etablere plan/oversikt for Noreg, bør det parallelt gis god informasjon til offentlege og private aktørar i Noreg. Dette for å fremme at norske aktørar er i front av utviklinga, og er i stand til å investere og bidra med kompetanse i særleg egna områder for fornybar energiproduksjon, både i Noreg og i resten av EU/EØS.

Arbeidet med etablering av plan/oversikt over teknologi og områder egna for fornybar energiproduksjon vil og kunne gi kunnskapsdeling og -utvikling på tvers av regioner/fylker og land. Denne kunnskapsdelinga, og det å finne gode verkty og bruk av statistikk ønsker Møre og Romsdal fylkeskommune å ta del i.

Endringar i direktiv legg opp til at søker skal forhalde seg til eitt kontaktpunkt under heile søknadsprosessen. Ved å nytte allereie etablerte kompetansepersonell, som for eksempel saksbehandlarar i byggjesaker i fylker og kommunar og ta desse med i etablering av plan/oversikt, vil det lette forståinga og prosessen. Å nytte eksisterande personell i fylker og kommunar gjer at tildeling skjer i etablerte instansar, og fagkunnskap om tildeling oppretthaldast. Da vil kunnskapsheving om forsering og forenkling i søknadsprosessane i kommunar og fylker bli ivareteke.

Noreg har enkelte stader som ikkje er godt egna for installasjon av solceller, til dømes i tronge v-daler som Sunndal. I slike tilfelle må det være mogleg å unngå påbodet om installasjon etter ei uhilda vurdering.

Det er forståeleg med ein rask høyringsprosess når store delar av formålet med endringsforslaga er å redusere tidsbruken for realisering av ny fornybar energi. Men med eit så inngripande tema, der all ny energiproduksjon medfører ulemper for nokon, bør det leggst opp til ein ryddig og god høyringsprosess. Det burde og vore opplagt at alle dokument i høyringa var utforma på norsk.

Gunn Randi Seime
Konst. fylkeskommunedirektør

Erik Brekken
Kompetanse- og
næringsdirektør